# Fjell kyrkjeblad

Informasjon for Fjell, Foldnes og Landro sokn
Nummer 3 – 2020



## 45 år på orgelkrakken

**Olav Sørheim vert pensjonist**

SIDE 14



**Den gode vanen** SIDE 6



**Produksjonsteamet** SIDE 12

# Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidebilete:** Olav Sørheim på orgelkrakken i Fjell kyrkje
**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

**Bankgiro**

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 18. august



**Kontaktinformasjon**

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 1506.35.46523


# Leiar

**Olav Martin Vik**
Kyrkjeverje og redaktør



Det er vemodig når dyktige medarbeidarar sluttar. Det er ein del i vår organisasjon som den siste tida har nådd pensjonsalder og me må berre erkjenne at ein ønskjer eit rolegare liv. Slik er det også for Olav Sørheim som i mange år har vore kantor i Fjell og den siste tida leiar for seksjon kyrkjemusikk i det nye fellesrådet. Eg takkar Olav for tenesta og ønskjer alt godt for dagane som kjem. Me kjem til å sakne han.

Når me kjem til 1. september vert det leiarskifte i denne organisasjonen. Det kjem me tilbake til i neste utgåve av bladet. Annlaug Børve som no er personalleiar hos oss vert då kyrkjeverje i Øygarden. Annlaug fylte 50 år 19.05. og me gratulerer med dagen.

Så er det denne koronatida. Heile vår organisasjon og alle andre i Den norske kyrkja måtte snu seg rundt og jobbe, for nokre på heilt andre måtar, med utgangspunkt i alle råd og pålegg som følgje av covid-19. Eg tenkjer me har kome godt ut av det. Det som har vore mest sårt er alle gravferdene som måtte og må fortsatt gå, med redusert oppmøte, og der knapt nok dei næraste kunne vere til stades.

Kyrkjelydane og barn og unge har ikkje kunna samlast i sine fellesskap. Det er sårt. No vil dette ordne seg litt etter kvart utover hausten.

Eg vil takke alle som har vist omsorg for våre medarbeidarar, alle våre medarbeidarar og alle andre som har stått på for å få alt til å fungere, innanfor dei rammer som vart gjort gjeldande frå 12. mars.

Eg ønskjer alle ein fin sommar.

## Covid-19 og bruk av kyrkjer, kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus

Koronaviruset covid-19 set strenge krav til reinhald i kyrkjer, kyrkjelydshus og kyrkjelydssalar med tilhøyrande rom. Når me brukar kyrkjerom til gudstenester og gravferder må romma reingjerast etter eit fastsett system og godkjente rutinar. Det er difor me dessverre ikkje kan opne opp for anna bruk som t.d. utlån/utleige av rom i våre bygg, til møte og samkomer i privat regi. Det er t.d. ikkje tillete å servere mat i våre bygg så lenge situasjonen er slik den no er.

Det er heller ikkje høve til å ha båreandakter i kyrkjerommet. Dei må ein ha i bårerommet.

På våre nettsider vil ein finne oppdatert informasjon til ei kvar tid (situasjonen er i stadig utvikling).

*Olav Martin Vik*
*Kyrkjeverje*





# Innhald


20 år sidan grunnsteinsnedlegging ........ 4-5
Den gode vanen ........ 6-7
Koronaen påverkar også arbeidet for kyrkjeleg tilsette ........ 8-10
Personalnytt ........ 11
Digitale gudstenester og påmelding ........ 11
Produksjonsteamet ........ 12-13
Olav Sørheim vert pensjonist- intervju ........ 14-15
Takk Olav! ........ 16
Glimt frå 17. mai ........ 17
Givarteneste ........ 18
Konfirmant 2021? ........ 22
T-dagen ........ 22-23


## Konfirmantjubileum, gullnøkkel og noko til

**Jorunn Småbrekke Gjersvik**
Leiar i Fjell sokneråd



Det var konfirmantjubileum i Fjell kyrkje. Nokre hadde alt komme, og sat inne i kyrkja. Eg var heldig og fekk vera kyrkjevert den dagen.

Ein kom åleine, tydeleg spent og forventningsfull. Han spurde om nokon frå hans kull var komne, og nemnde eit namn. Eg visste ikkje om den jubilanten var kommen, men viste til at det var alt komne nokon. Han fekk gå inn og sjå. Jubilanten gjekk med lette steg oppover kyrkjegolvet. Han fann flokken han høyrde til. Det var lett å sjå på klemminga.



Illustrasjonsfoto: Unsplash

Eit av barnebarna såg beundrande og forventningsfull på meg då eg skulle låsa opp ytterdøra heime.

«Du er heldig du som har gullnøkkel, bestemor. Det har ikkje bestefar». Det ho ikkje visste, var at bestefaren hadde skaffa meg ein gullfarga nøkkel, slik at eg lett fann den rette nøkkelen heime. Ja, eg er heldig, har hus og heim og ein stad der eg kan kjenna meg trygg.

Vi menneske er sosiale vesen og vil gjerne høyra til og verta mottekne slik vi er. Særleg no lengtar vi etter å kunna samlast.

Du er døypt. Du er konfirmert. Du høyrer til. Enten du går ofte til kyrkja eller det er lenge sidan du var der , så høyrer du til om du vil. Du som er døypt og konfirmert høyrer Herren til. Han er gullnøkkelen som låste opp for oss. Han tok all skuld på seg, vår skuld. Ja, vi er heldige! Vi slepp å vera gode nok i gjerningar. Vi får tru. Mi vesle, veike tru. Mi trygge tru....

Eg ønskjer at du kan få kjenna at du alltid er velkommen i Fjell kyrkje, slik du er ,og at du høyrer til!

I Joh.14, 1 – 4 står det: Lat ikkje hjarta dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset åt Far min er det mange rom. Var det ikkje så, hadde eg sagt dykk det. For eg går bort og vil stella til ein stad åt dykk. Og når eg har gått bort og stelt til ein stad åt dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går veit de vegen.

# 20 år sidan grunnsteinsnedlegging

I år er det 20 år sidan grunnsteinen til Foldnes kyrkje vart lagt ned. Neste år er det 20-årsjubileum for kyrkja. Me i redaksjonen ønskte ei markering i bladet av grunnsteinsnedlegginga som skjedde 28. mai 2000.







## Jubileumsmarkering av grunnsteinsnedlegging

**Ei helsing frå Maria Tveten, sokneprest i Foldnes**

Det er tjue år sidan grunnsteinsnedlegginga av Foldnes kyrkje. Ei kyrkje skulle byggjast, men kyrkjelyden har vore kyrkje lenge før det vart eit bygg. Engasjementet i kyrkjelyden var stort og mykje tid er lagt ned i arbeidet med å få byggje ei kyrkje, samstundes som kyrkjelyden feira gudstenester i rådhuset. Gleda over å ha eit eige bygg å samlast i, vart desto større!

Kyrkjelyden har framleis eit stort engasjement og det er mange menneske i sving gjennom vekedagane og på søndagsgudstenestene. Alle kyrkjelyder har sin eigen kultur og ønsket om å bruke sine evner og gåver til glede for andre, ligg framleis i kulturen i Foldnes kyrkjelyd. Ein stein vart lagt ned for tjue år sidan, men Jesus er hjørnesteinen for både kyrkja og kyrkjelyden.

## Historia fram til realiseringa av Foldnes kyrkje

**Ei helsing frå Dag-Olav Bjorøy, leiar i fellesrådet**

Frå slutten av sekstitalet hadde vi stor auke i folketalet i Fjell kommune, og da særleg på Litlesotra. Etter kvart vart det naturleg å byggje ein eigen kyrkjelyd rundt Straume. Kommunen hadde teke kostnaden med ein prest. Denne presten vart no sett inn som kyrkjelydsprest og det vart skipa gudstenester i Kulturhuset. På grunn av at øvrige funksjonar ikkje var fullt ut dekka, vart det eit stort og positivt frivillig engasjement i gudstenestene - mykje likt det vi kan finne i frikyrkjelydar. Kyrkjeforeninga samla inn pengar til ny kyrkje, og kommunen og soknerådet sytte etter kvart for planlegging og fullfinansiering. Stor takk til Gud, kyrkjeforeninga, kommunen og dei frivillige!



Grunnsteinen vart lagt ned av dåverande biskop Ole D. Hagesæther 28. mai 2000.

Det er gått 20 år sidan grunnsteinsnedlegginga og kyrkja vart reist, og kyrkjelyden har funne strukturar som er tenlege. Foldnes kyrkjelyd har sin eigenart, dei er den største kyrkjelyden i fellesrådsområdet, dei har store ressursar og dei gjer mykje. I samarbeid med organisasjonane har dei utvikla nye møteformer, slik at dei til tider samlar folk frå heile fellesrådsområdet. Slik er Foldnes kyrkjelyd ein inspirator for dei andre kyrkjelydane - både i samarbeidsprosjekt og i eigne tiltak.

Fellesrådet ønskjer kyrkjelyden i Foldnes til lukke med jubileet! Vi vil halde fram arbeidet for å støtte kyrkjelyden si realisering av visjonane sine!

## Kyrkja si betydning for livet i kyrkjelyden

**Ei helsing frå Per Helge Refvik, leiar i soknerådet**

Foldnes kyrkje ligg fint til på ei lita høgd, og er godt synleg for alle som køyrer forbi Skiftedalsvatnet på Foldnes. Kyrkjetårnet pekar mot himmelen, og minner oss på at Gud ikkje lar oss vere åleine, men har gitt oss eit framtidshåp.

Soknerådet har akkurat vedtatt ein ny visjon for Foldnes kyrkjelyd: «Di kyrkje for alle dagar».

Kyrkja er ikkje berre sjølve bygninga, men består av alle menneska som søkjer fellesskapet i trua. Det er over 8700 menneske som har Foldnes kyrkje som si kyrkje. Mange nyttar kyrkja til å markere store hendingar i livet sitt: dåp, konfirmasjon, bryllaup, og gravferder. Kyrkjebygget gjev ei høgtidleg og verdig ramme for desse markeringane.

Men Foldes er også ei kyrkje for alle dei andre dagane. Kvar dag i veka er det ulike aktivitetar i kyrkja, og på søndagane samlast vi til gudstenestefellesskap. Foldnes kyrkje er ei arbeidskyrkje som har mange rom og hensiktsmessige lokale til korøvingar, familiemiddagar, konsertar, samlivskurs, møter og andre samlingar. Kyrkja vår skal vere ein levande plass, med tilbod for menneske i alle aldrar og med ulike interesser og behov

Vi ynskjer at Foldnes kyrkje også i framtida skal vera ein god stad å komme til. Ein møteplass mellom Gud og oss menneske, der vi deler Gud sin uendelege godheit, og der vi spreier glede og håp. Eit fellesskap der menneske får brukt og utvikla sine evner til beste for seg sjølv og for andre, og der vi saman kan arbeide for at verda skal bli meir slik Gud hadde tenkt.

Gratulerer med 20 års jubileet!

# Den gode vanen

Rakel Bjorøy er den eldste kyrkjegjengaren i Landro og passerte 100 år sommaren 2019. Ho har sin faste plass i kyrkja og er å sjå der på dei fleste gudstenester.

**TEKST: ALVHILD VASSEL EIDE**
**FOTO: BJARTE NESE**

Ein fredag i mars vitjar eg Rakel for å gjera eit intervju med henne til Kyrkjeblad for Fjell. Det vert ein interessant føremiddag med forteljingar frå eit langt liv der kyrkja har ein sentral plass heile tida.

Rakel er fødd på Langøy, ho er tvilling. Tvillingsøstera voks opp på Langøy medan Rakel frå ho var 3-4 år voks opp hjå mormor og morfar på Dala. Rakel byrja på skulen på Algrøy, men etter kort tid der heldt ho fram på Tellnes skule.

–Eg hadde ein god oppvekst hjå mormor og morfar, seier ho.

*–Var du med i kyrkja i Fjell i barndommen?*

–Ja eg følgde morfar til gudsteneste. Det vanlege var at kvinnene var heime og stelte maten, mens mennene var i kyrkja og eg fekk følgja morfar. Når vi kom heim, måtte mormor få vita svar på nokre spørsmål: Kva evangelietekst som var lesen, kva salmar vi song, kor mange born som var døypte og kva dei heitte.

Rakel fortel vidare at når kvinnene var i kyrkja, bar dei ulike hovudplagg. I sorg bar dei eit stort laken som dekka hovudet og fall nedover ryggen. Når det var glede, bar dei eit skaut på hovudet. -Dei var fine, hugsar Rakel.

*–Kan du fortelja noko frå konfirmasjonsdagen?*

–Vi hadde presten Storesund. Konfirmasjonsdagen var 23. september 1934, vi var over 100 konfirmantar og vi sat i midtgangen. Storesund eksaminerte oss opp og ned golvet. Det eg hugsar aller best var at då han var ferdig med talen, bad han for ein av konfirmantane som var sjuk. På nattverdgudstenesta dagen etter fekk vi høyra at ho var død. Dette gjorde stort inntrykk på oss alle.

Rakel fortel at same hausten fekk ho ein bibel av mormor. -Ho hadde selt noko frå garden og såleis fått pengar til å kjøpa ein bibel til meg. Den har eg enno, fortel Rakel.

Så vart det skulegang, først folkehøgskule i Fana, deretter middelskule på Fjell. -Vi var berre to jenter i klassen, Marta Solsvik, f. Landro og eg, resten var gutar. Vi klarte oss bra alle, og fekk eksamen etter to år. For meg gjekk vegen vidare til gymnas på Nordfjordeid, det var i krigen, seier Rakel.

Etter eit år som lærarvikar i Vaksdal, byrja Rakel på lærarskulen på Stord. -Men då vi nett var komne tilbake til skulen etter juleferien, brann internatet på skulen ned, dermed måtte vi reisa heim. Eit amputert skuleår. Resten av året var eg lærarvikar på Ekerhovd og heldt fram på lærarskulen ved nytt skuleår, fortel Rakel.

Som nyutdanna lærar vart Rakel tilsett på Algrøy. Etter eitt år der, kom ho til Landro skule der ho vart verande til ho slutta ved oppnådd pensjonsalder.

Rakel gifta seg med Johannes Bjorøy 9.juni 1946 og har seinare budd på Solsvik, først i lærarbustaden og seinare i eige hus.

–Det var ikkje kyrkje på Landro på den tid. Reiste de til Fjell på gudsteneste?

–Etter at vegen kom, køyrde vi til Fjell på gudsteneste. Vi tok borna med i bilen og tok ut. Gudslivet må få næring og leva, derfor er gudstenesta så viktig, seier Rakel. – Etter at kyrkja i Landro vart bygd og innvigd 1977 har eg høyrt til der.

Ho kan fortelja at to av barneborna hennar, Frode og Steinar, var dei første som vart døypte i Landro kyrkje, på sjølvaste julafta i 1977.

*–Du er ein flittig kyrkjegjengar. Kvifor?*

–Gudstenesta er eit høgdepunkt på søndagen. Den høyrer søndagen til og det er heilt naudsynt å gå dit ein høyrer heime, i gudstenesta saman med kyrkjelyden, svarer Rakel. Ho fortel også at ho før gudstenesta går gjennom dagens tekstar og at ho følgjer godt med på det som vert sagt og gjort. -Før gjekk eg både til og frå gudstenesta, men no er det slik at eg treng skyss. Eg er veldig takksam til dei som tek meg med på gudsteneste, både naboen og borna mine.

–Kva seier du til oss som er yngre enn deg?

–Eg vil gjerne oppmuntra til å ta borna med på gudsteneste. Viktig å gje dei den gode vanen! Om det er lyd av dei og litt uro, får det våga seg. Det er forresten ein ide å ta av dei skoa, så gjer det ikkje noko om dei spring litt rundt. Det er ved å gå til gudstenesta at dei får den gode vanen, at dei får eigarskap til kyrkja, slik at dei kan halda fram å gå der når dei veks til, seier Rakel Bjorøy som fyller 101 år om nokre månader.

*Intervju og foto vart gjort før koronanedstenging.*







Alvhild t.v. saman med Rakel t.h. i Landro kyrkje.

# Koronaen påverkar også arbeidet for kyrkjeleg tilsette

I løpet av nokre timar etter torsdag 12. mars måtte Den norske kyrkja legge om arbeidet. Gudstenester og barne- og ungdomsarbeid måtte leggast om. Digitale plattformer vart kvardagen. Gravferder skulle gjennomførast, men under streng regulering. Me har bedt nokre tilsette skrive om sin kvardag under koronaen.

## Å være prost i koronatid

**Av Jan Tommy Fosse, prost i Vesthordland prosti**



Mindre enn to uker etter oppstart som prost i Vesthordland, ble plutselig det meste snudd på hodet. Ikke bare i min jobb, men i hele samfunnet. I flere måneder hadde jeg gledet meg til å bruke tid til å bli kjent med menighetene og medarbeiderne i prostiet. Det var mye jeg skulle lære, og det var jeg klar for å gjøre. Så kom 12.mars, en dato jeg sikkert kommer til å huske lenge.

Det er et privilegium å få være en del av et så flott arbeidslag som vi har i Vesthordland prosti. Frivillige og ansatte medarbeidere har brettet opp armene, gått den «ekstra mil», og gjort det de kan for at kirken, også i disse korona-tider, er det den skal være. Det har vært smertefullt å ikke kunne samles til gudstjenester og annet som vanlig, men kirken har likevel være tydelig nærværende gjennom utallige telefonsamtaler, gudstjenester og samlinger for barn og unge på nett, og i kirkelige handlinger som dåp og gravferd. Jeg vil gjerne uttrykke en stor takk til alle dere gode medarbeidere.

Og hva nå? Når dette skrives, er samfunnet sakte men sikkert i ferd med å gjenåpnes. På ett eller annet vis er vi på vei tilbake til normalen, eller kanskje heller en ny normal. Det skal bli spennende å se hva vi har lært, og hva vi tar med oss fra denne tiden. For kirken vil jeg tro at vi blant annet har lært en del om digitale gudstjenester og møteplasser. Kreativiteten har vært stor, og jeg ser for meg at dette er noe vi må jobbe med videre.

Men enda viktigere tenker jeg det er at vi har fått kjenne på hvor viktig andre mennesker er for oss. Når vi ikke får treffes, så gjør det noe med oss. Min bønn og mitt håp er at vi tar dette med oss inn i månedene og årene som kommer. Mennesker trenger fellesskap, og kirken ønsker å skape fellesskap hvor man opplever at man hører til. Inn i det fellesskapet er du hjertelig velkommen til å ta din plass. Ser frem til vi sees!

## Ganske hektisk

**Av Bjarte Nese, sokneprest i Landro**



Eg har tenkt på profeten Elia dei siste vekene. Han hadde med brennande iver arrangert ei grandios framvising av Herrens makt på fjellet Karmel. Men like etterpå, i 1. Kong. 19, 9-13 er han svært sliten. Han er framleis i unåde hjå kongen. Så han har gått i skjul. No sit han gøymd i ei hole i fjellet, heilt åleine. Han er tungsindig. Han ventar på Herren... Først kjem det ein stor storm. Men Herren var ikkje i stormen. Så kjem det eit jordskjelv. Men Herren var ikkje i jordskjelvet. Så kjem det ein stor eld. Men Herren var ikkje i elden. Etter elden, høyrer Elia lyden av ei svak susing. Det er stille. Då kjem Herren til han.

Framleis er det ganske stille rundt oss, sjølvom det ser ut som samfunnet opnar seg litt. Enkelte har fått kjenne kva det vil sei å vere isolert. For meg sjølv har det merkeleg nok vore ganske hektisk.







Liva vi lever er ulike, og det gjer også at ufordringane som ein kjenner på blir så ulike.

For Elia var det i stilla at Gud kom. Gud var ikkje i stormen og jordskjelvet slik ein kunne vente. Møtet med Gud kom etter at elden hadde brent ut. Sjølv om kyrkjer har vore stengde for offentlege gudstenester og anna arbeid, så er ikkje Gud borte. Trua kan levast i heimen - i familien og åleine, i alle fall ei stund. Særleg går mine bønner til dei som har hatt gravferd, og har opplevd at ein ikkje kan samle familie og venner. Lat oss løfte kvarandre fram med bøn, omtanke og godt humør!

## Å vere prest i koronatid

**Av Maria Tveten, sokneprest i Foldnes**



Når vi har mista noko, kan det vere noko godt i det å sakne. Det tydar at det har vore noko i livet vårt med verdi. Og no saknar eg. Eg saknar å møtast. Eg saknar å samlast i kyrkja. Å drikke kaffi og prate etter gudstenesta. Eg saknar å kunne gi ein klem og ta kvarandre i handa. Mykje verdifullt er avgrensa.

I det som vart avgrensa, måtte nye grensar brytast. For meg var det en barriere å snakke til ein skjerm. Med eitt vart prestar, organister og kyrkjelyder kringkasta langt utanfor vårt eige sokn og kommunegrensar. Mykje eg ikkje trudde eg ville gjere, kunne med eitt gjennomførast. Eg veit at både eg og kyrkja har lært noko. Ikkje minst av kvarandre. Eg har til dømes vore på opptil fire gudstenester med dyktige kollegaer på ein og same dag! Så eg og vi har ikkje berre mista noko, vi har og fått noko.

No kan vi snart møtast igjen. Når eg skriv dette, veit eg endå ikkje korleis og når, men kyrkjerommet skal opnast igjen. Det vil fortsatt vere annleis ei stund til, men vi skal sjå kvarandre igjen! Eg gler meg sånn til å sjå deg!

## Musikkseksjon i unormal normaltid

**Av Olav Sørheim, seksjonsleiar kyrkjemusikk**



Alt fikk en bråstopp.
Avlys alt.
Hold dere hjemme.
Fortsett å jobbe.
Vær klar for seremonier.
Gjennomfør planlagte møter på telefon/video.
Rapporter.

Vi har spilt i seremonier.
Vi har spilt ved opptak kortgudstenester for nettsider og facebooksider.
Vi har øvd mer.
Vi har hatt våre planlagte møter på telefon/video.
Vi har ryddet på kontor og pc.
Vi har planlagt mulige og umulige aktiviteter.

Vi savner møtepuntene.
Korene, band, grupper.
Kyrkjelydene.
Vi drømmer om ny oppstart.

Vi tenker mye på alle mulighetene som har ligget delvis ubrukt der ute, før i tiden, før det dårlige været.
De digitale arenaene med stort nedslagsfelt.
Vi tenker på at vi trenger nødvendig utstyr så vi kan være der.
Vi tenker på at vi trenger noen medhjelpere som har den tekniske kompetansen.
Da kan vi kanskje gjennomføre våre planlagte arrangementer uansett.
Og publikum kan være med uavhengig av sivil status og førlighet og dårlig vær.

Og vi kan fortsette som før, om enn litt annerledes.



Foto: Kirkerådet

# Bråstopp – og nye rom

**Av Knut Kaldestad, prostiprest**



I midten av mars vart det ein overraskande bråstopp – også i kyrkjelivet og for meg som prest. Eg var ikkje førebudd på dette: Vi fekk ikkje lenger møtest ansikt til ansikt i Guds hus, til gudstenester og kyrkjekaffiar og andre samlingar. Eg hadde vore prostiprest i Vesthordland berre eit halvår før dette skjedde. Men eg saknar, som mange andre, å møte folk. Eg ville så gjerne vore saman med dokke eg har blitt kjent med og blitt glad i. Dette saknet fortel oss noko viktig. Den, dei eller det som vi saknar, var og er viktig for oss

Men så har det opna seg nye rom, nye måtar å kommunisere på: Eg fekk tid til å ta ei ringerunde eg har tenkt lenge eg skulle ta, mellom anna til nokre av dokke eg har møtt i gravferder sidan september. Eg fekk tid til å lese Bibelen og annan god litteratur. Det var fint å lese evangelia på langs og hovudbreva til Paulus. Eg var så heldig å få spele inn gudsteneste i Fjell kyrkje saman med ungdommar i Lukas Tensing. Vi prøvde å formidle bodskapen om Jesus som den gode gjetaren, i song og spel, i andakt, bøn og dans.

Dei siste dagane har eg arbeid med noko som har blitt kalla bibelsk «overlevingsguide» i ei koronatid. Guiden er eit forsøk på ei kristen livstolking i ei krise, med hjelp til å gje kvarandre livsmod og håp.

Kva kan vi lære av denne tida? Og ikkje minst: kva kan vi glede oss til, når vi kan ta kvardagane og helgene tilbake? Kollega Hans-Olav Mørk har sett ord på noko av dette i ein song, skriven 14. mars: *«Vi skal møtes når dette er over, ved et bord i en smekkfull kafé,i en kirke, i midtgangens vrimmel mot Guds alter og det som skal skje. Vi skal feire og synge og le.»*

# Vi skal møtes

av Hans-Olav Mørk
14.03.2020

Vi skal møtes
når dette er over,
ved et bord i en
smekkfull kafé,
i en kirke,
i midtgangens vrimmel
mot Guds alter
og det som skal skje.
Vi skal feire
og synge
og le.

Vi skal gi til hverandre
et løfte,
at vi møtes
når veien er gått.
Når det mørke og vonde
er bak oss,
når den prøven vi fikk,
er bestått,
skal vi dele det svar
vi har fått.

Men alt nå
vet vi svaret,
vi vet det.
Det å elske hverandre
er alt,
bære byrder
når en har for mye,
holde oppe
når noen har falt.
Til å elske,
til det
er vi kalt.





# Personalnytt



**Arne Opheim** (55) er tilsett fagarbeider i seksjon kyrkjer og gravplassar. Han skal også arbeide som kyrkjetenar. Han tok til i stillinga 4. mai. Arne er utdanna tømrar, har lenge hatt eige firma, og har brei erfaring med arbeid både på nybygg og med rehabilitering, også av historiske bygg. Han har hatt fleire prosjekt som inneber tett samarbeid med riksantikvaren.



**Malgorzata Anna Tveit** (50) er tilsett som kantor/kyrkjelydsmusikar i Fjell. Ho byrjar i stillinga 10. august. Malgorzata Anna Tveit arbeider i dag i 70 % stilling i Askvoll sokn. Margolzata har 5-årig klassisk utdanning frå musikkhøgskule i Polen. Utdanninga omfattar mellom anna komposisjon, musikkteori, harmonilære, pedagogikk og direksjon. Hovudinstrumentet hennar er piano. Ho både snakkar og skriv godt norsk



**Ny seksjonsleiar kyrkjemusikk**
Kantor i Hjelme og Blomvåg sokn, Øystein Steinsland, er tilsett som seksjonsleiar kyrkjemusikk, i fellesrådet sitt møte 29. april. Han tiltrer stillinga når Olav Sørheim sluttar ved utgangen av mai.

## Digitale gudstenester

Me har no lov til å ha gudstenester med 50 deltakarar. Frå 15. juni vert dette auka til 200. På grunn av avgrensa deltakartal vil me fortsette med å produsere gudstenester digitalt, slik me har gjort fram til no. Her finn du informasjon om desse digitale tilboda. Dei vert lagt ut på våre Facebookprofilar og på vår nettside.

- 31. mai blir det videoandakt ved Jan Tommy Fosse frå Fjell kyrkje
- 7. juni blir det videoandakt ved Bjarte Nese frå Landro kyrkje
- 14. juni blir det videoandakt ved Morten Torsvik frå Fjell kyrkje

## Gudstenester med 50 deltakarar og det er påmelding

Me kan no ha gudstenester med 50 deltakarar. Gudstenestene vert kortare enn vanleg. Det er påmelding. Du finn informasjon på vår nettside og der finn du også ordning for påmelding. Alle reglar for smittevern må følgjast i desse gudstenestene og det skal opplevast trygt å møte fram. Du kan ikkje delta dersom du er sjuk eller har luftvegsplager.

# Produksjonsteamet

Når kyrkja ikkje lenger kunne ha vanlege gudstenester tok Petter Rong og Ole Martin Solsvik imot oppdraget om videoproduksjon og stilte opp med kamera og mikrofonar. Dei har produsert andakts- og gudstenestevideoar for Den norske kyrkja i Øygarden.

TEKST: OLAV MARTIN VIK
FOTO: ESPEN TVETEN



Petter Rong og Ole Martin Solsvik har jobba myrkje med lyd og bilete for kyrkja i Øygarden dei siste månadane.

*Petter og Ole Martin, kvifor tok de på dykk oppdraget med å lage opptak som kunne leggast ut på digitale flater?*

**Petter:** –Me har arbeidd med lyd og bilde for kyrkja i andre samanhengar tidlegare, og fekk tidleg spørsmål om det ikkje var muleg å få til noko i Blomvåg kyrkje som kunne fungere som eit alternativ for gudstenesta då det ikkje lenger var mulig å møtast på vanleg måte. Eg er veldig glad i å jobbe med lyd, og såg dette som ein mulighet til å få meir erfaring med opptak og eg kunne bruke mine ferdigheter til å skape noko for fellesskapet. Når me presenterte den ferdige videoen, fekk me veldig god tilbakemelding, og det vart tydeleg at interessa for eit slikt digitalt alternativ var å finne i dei andre sokna i Øygarden og.

**Ole Martin:** –Eg har hatt interesse for film og video lenge og har laga litt filmar for ungdomsarbeidet i kommunen før i tillegg til å ha laga ein del filmar andre stader. So fekk me spørsmål om me kunne væra med på å ta opp ei andaktstund i Blomvåg kyrkje noko som eg syntes høyrdest gøy ut. Responsen på den var positiv og når me fekk spørsmål om å ta opp gudstenestene i april/mai så såg eg på dette som ein mulighet til å bruka dei gåvene som eg og Petter har fått til å bidra med i forkynnelsen i denne tida.

*Kor mange timar går med til å lage eit opptak?*

–Det varierer frå opptak til opptak, men me bruker gjerne 5-7 timer på opptaksdagen. Dette inkluderer køyring, opp- og nedrigg, organisering og opptak av tale, musikk og evtentuelt andre innslag. Redigeringsjobben kan bli veldig variert. Prossessen kan ta alt frå 4-8 timer, avhengig av innslag, antall musikarar osv. All lyd frå mikrofonar skal miksast saman, alle videoar synkroniserast, og alt skal ende opp i ein videofil som skal publiserast. Dette tek i alt 12-15 timar.

*Korleis har det vore å jobbe i forskjellige kyrkjer og med nye menneske omtrent kvar gong?*

**Petter:** –Det har vore utruleg kjekt! Eg har fått besøkt kyrkjer eg ikkje har vore i på mange år, og til og med nokon eg aldri har vore i. Eg har og fått møtt mange flotte menneske som eg håpar å få treffe att. Det kjekkaste for min del er å oppleve dei ulike musikkuttrykka og songane som eg får vere med å spele inn med dei dyktige musikarane me har i kyrkjene. - Me har prøvd å halde formatet så og sei det samme, men det har vore nytt og variert innhald kvar gong.

**Ole Martin:** –Noko av det kjekkaste med dette har vore å møte dei ulike folka rundt om i kyrkjene, og det har vore spennande og utfordrande å halde på det same formatet for gudstenestene samtidig som kvar prest og kyrkje legg ved sitt særeigne uttrykk i gudstenesta. Det har ført til at gudstenestene har både faste innslag og nye innslag kvar gong.

*Tenkjer de at dette bør kyrkja fortsette med etter koronatida?*

**Petter:** –Eg tenkjer det er lite å tape og mykje å vinne på å spre evangeliet på digitale flater, så det er noko eg oppfordrar kyrkja til å sjå på. Det må ikkje nødvendigvis vere i samme formatet som me har lagd, og det treng ikkje å "konkurrere" med gudstenester eller fellesskapet i kyrkja. Det er mange måtar å forme innhald som kan nå ut til mange på sosiale medier, og i vår digitale tidsalder er det heldigvis eit hav med ressurser og lærematериale tilgjengeleg for å kunne starte slike opplegg

**Ole Martin:** –Sjølv om Gud og evangeliet er det samme via skjermen og når me treffest i kyrkja, så er felleskapet me har i lag når me møtest i same rom mykje sterkare enn når me er bunden til å ha felleskap gjennom skjerm. Difor vil ikkje den digitale platforma kunna erstatta den tradisjonelle møteplassen, men det er ein god måte å nå ut med evangeliet på til nye mennesker. Det er mange måtar å gjere dette på og eg trur det kan vere spennande for kyrkja å halde seg oppdatert, på den digitale plattforma.

### PETTER RONG

- 20 år
- Bur på Rong
- Dagleg leiar av RSV (Rong Sound & Vision)
- Kvifor interesse for lyd og bilde: –Eg er musikar, og interessen for lyd kom naturleg nok av at eg ville få god lyd når eg speler, og siden har eg satt meg inn i opptak og redigering

### OLE MARTIN SOLSVIK

- 20 år
- Bur på Blomvåg og på Framnes
- Jobbar som miljøarbeidar på Framnes Kristne VGS
- Dagleg leiar av Solsvik media
- Kvifor interesse for lyd og bilde: –Eg har alltid vore fascinert av gode filmar og korleis dei vert laga. Dette har ført til utallige timar der eg har sett på behind the scenes av ulike filmar og det har gjort at eg har lyst til å lage filmar sjølv.



Opptak av 17. mai gudsteneste framfor den nyrestaurerte Hjelme gamle kyrkje. Her med sokne-prest Espen Tveten og ordførar Tom Georg Indrevik.



Regnet hindrar ikkje produksjonen.

# Fast som fjell

Etter 45 år på orgelkrakken i Fjell kirke pensjonerer Olav Sørheim seg. Han har vært aktiv i det musikalske miljøet i kirken, med både kor, kirkebrass og konserter.

TEKST: OLAV MARTIN VIK
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM





*Olav, når du skal se tilbake på tiden som kantor, hva sitter du igjen med av inntrykk?*
